



Naustdal kommune  
Postboks 43  
6806 NAUSTDAL

Vår dato: 01. SEPT. 2011  
Vår ref.: NVE 201103596-4 rv/sav  
Arkiv: 311 /084  
Dykkar dato:  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
22 95 95 35

## **Vedtak - Attendeføring av elvelaup i Nausta v/Svo- og Nesvatna - Naustdal kommune – tiltak ikkje konsesjonspliktig.**

Vi syner til søknad sendt via Naustdal kommune den 10.06.2011. Søknaden gjeld attendeføring av elvegrunn til tidlegare nivå ved Nausta sitt utlaup i Nesvatnet. Grunngeving for søknaden er at dei seinare åra har vorte ein lågare vasstand i Svo- og Nesvatnet på sommarstid. Dette har medført at det sommarstid kan vere vanskeleg å kome ut på vatna med båt, aukande attgroing av vassgras og uheldig påverknad av fiskeplassar frå land.

I tillegg til at elvelaupet er senka, har det over fleire år lagt seg opp masse på elvekantane. Dette gjev høgre vasstand i vatna ved stor vassføring enn tidlegare trass i at elvebotnen elles er senka.

Då Nausta er eit verna vassdrag, sende NVE søknaden til fylkesmannen for uttale. Dei vurderer at tiltaket ikkje er konfliktfylt i høve ålmenne interesser og verneverdiane, men at tiltaka må skje i samråd med NVE. Dei har likevel følgjande merknader:

- Arbeidet i elva må skje ved lågast mogleg vassføring og helst ikkje i tida juli til september då det er rogn i grusen.
- Om det vert greve ned til finare sediment (slit/leire), må det attendeførast eit topplag med grovare materiale for å hindre framtidig erosjon.
- Endeleg minner fylkesmannen om at det må etablerast eit vegetasjonsbelte langs vassdrag med årsikker vassføring og kantvegetasjon som er fjerna pga. anleggsarbeidet må reetablerast.

NVE v/Vågane var på synfaring Naustdal kommune v/seksjonsleiar Harald Eikenes og representant for grunneigarane – Olav Svoen – den 01.09.2011.

Som biletet nedanfor syner, bør ei steinfylling i botnen vere bua oppstraums slik at samstundes som vasstanden vert heva ved normalvassføring, vil vatnet verte pressa ut til sidene og slik redusere faren for

vidare opphoping av massar i elvekanten. For å unngå at steinfyllinga sperrar for is i frå vatnet og for å redusere presset mot fyllinga, bør den skråast ned mot den opphavlege elvebotnen (mot B i figur 1). Nedstraums fyllinga (A i fig. 1) bør den òg skråne ned mot elvebotnen (kan vere noko brattare enn oppstraums). Dette for å redusere faren for graving i elvebotnen nedstraums fyllinga.



*Fig. 1. Steinfyllinga i A bør spissast oppover og bør ikkje leggjast høgare enn kva elvebotnen var for 5 år sidan. Steinfyllinga bør oppstraums A skråne ned til eksisterande botn i B. Også nedstraums pkt. A bør steinfyllinga skråne ned mot elvebotnen i retning C.*

NVE si vurdering:

I utgangspunktet er dette å sjå på som ei attendeføring av vassdraget siste 5 åra slik som det er nemnt i vassressurslova § 12 der det mellom anna heiter:

*”§ 12. (gjenoppretting av vassdragets løp)*

*Når et vassdrag tar seg nytt løp, oppgrunnes eller utdypes, kan det gamle løpet uten konsesjon etter § 8*

- a) gjenopprettes innen tre år hvis forandringen skyldes en enkeltstående hending;*
- b) renskes opp eller påfylles masse inntil den dybde eller bredde som vassdraget hadde for fem år siden.*

*Gjenoppretting etter første ledd som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser, skal meldes til vassdragsmyndigheten. Gjenopprettingen kan utføres av grunneieren selv, av andre eiere i vassdraget eller av vassdragsmyndigheten.”*

Nausta er eit verna vassdrag. I vassressurslova § 35, 3.ledd er nemnt ein del særreglar, mellom anna at "I vernede vassdrag er tiltak etter § 12 første ledd ikkje unntatt frå konsesjonsplikt etter § 8.

Med dette som utgangspunkt må NVE vurdere om tiltaket er konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8 1.ledd som har slik ordlyd:

**"§ 8. (konsesjonspliktige tiltak)**

*Ingen må iverksette vassdragstiltak som kan være til nevneverdig skade eller ulempe for noen allmenne interesser i vassdraget eller sjøen, uten at det skjer i medhold av reglene i § 12 eller § 15, eller med konsesjon fra vassdragsmyndigheten.*

Under synfaringa kom det fram at det er ein djupål truleg om lag 2 m djup i høve botnen nærare land. Elva har truleg greve seg ned til dette nivået i seinare år slik som søkjar peiker på. For å unngå masseavsetning i elvekantane, samt graving i elvebotnen nedstraums fyllinga og opphoping av is oppstraums denne, bør steinfyllinga utførast slik det er peika på i fig. 1. Derimot kan vi ikkje tillate at det vert greve i den grunne delen av elva. Dette kan initiere ukontrollert graving i denne delen av elvebotnen.

I vårt vedtak tek vi omsyn til dei merknader fylkesmannen har kome med.

Vi vil også peike på at tiltaket kan utgjere ein fare for kringliggande areal. På bakgrunn av dette er det naturleg å gje løyve til å heve elvebotnen tilsvarande det nivå den var for 5 år sidan, noko som samsvarer med ordlyden i vassressurslova § 12, pkt. b.



Fig. 2. Jordbruksarealet ned til vatnet både nærast og lengre vekk i biletet er stundom utsett for flaum. Tiltaket vil fort kunne forverre denne situasjonen.

Fig. 2. syner ein del av jordbruksarealet som i dag er flaumutsett. I den samanheng minner vi om aktsemdprinsippet omtala i vassressurslova § 5.

*”§ 5. (forvalteransvar og aktsomhetsplikt)*

*Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for allmenne eller private interesser.*

*Vassdragstiltak skal planlegges og gjennomføres slik at de er til minst mulig skade og ulempe for allmenne og private interesser. Denne plikten gjelder så langt den kan oppfylles uten uforholdsmessig utgift eller ulempe. Vassdragsmyndigheten kan ved forskrift fastsette nærmere regler om planlegging, gjennomføring og drift av bestemte typer vassdragstiltak.*

*Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelighet kan stilles til sikring mot fare for mennesker, miljø eller eiendom.”*

Når det gjeld bruk av stein, bør desse vere av ein viss storleik og gjerne med ein flat overdel der steinen rekk opp til øvste del av fyllinga. Steinane som skal leggjast i botnen bør ha ei viss djupne slik at dei festar seg godt i elvebotnen. Stein som skal nyttast må ikkje takast i eller kring elvelaupet.

**NVE sitt vedtak:**

**Heving av elvebotnen er ikkje konsesjonspliktig etter vassressurslova § 8.**

**Følgjande føresetningar ligg til grunn for vedtaket:**

- **Elvebotnen skal ikkje hevast over det nivået den var for 5 år sidan.**
- **Det skal leggjast ut større steinar der steinane nærast elvebotnen har ei viss djupne slik at dei festar seg godt.**
- **Arbeidet skal utførast ved lågast mogleg vassføring og ikkje når det er rogn i grusen (juli-september)**
- **Der kantvegetasjonen vert skipla i samband med gravearbeidet skal denne revegeterast med stadbundne plantar.**

Vi minner om at uttak av steinmassar i eit visst omfang må godkjennast av kommunen.

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet av partar i saka og andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet denne underretninga er kome fram, jf. forvaltningslova kap. VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no).

Med helsing



Gunnstein Brakestad  
regionsjef



Inge Lavoll  
sjefingeniør

Kopi: Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, miljøvernavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Øvre Naustdal Utmarkslag v/Normund Svoen, Solheimslia 2, 6900 FLORØ